



# ÅRSMELDING 2022

## Frivillighetens år og 25 årsjubileum



# INNHOLD

<b>Innleiing .....</b>	2
<b>Formidling .....</b>	2
<b>Besøk .....</b>	2
<b>Utstilling .....</b>	3
<b>Arrangement.....</b>	4
<b>Skule.....</b>	6
<b>Anna relevant innan formidling.....</b>	6
<b>Forvalting .....</b>	6
<b>Forvalting av bygg og anlegg.....</b>	6
<b>Samlingsforvalting .....</b>	7
<b>Forsking og dokumentasjon/fagleg arbeid.....</b>	8
<b>Mangfald og inkludering.....</b>	8
<b>Dugnad og frivillig innsats .....</b>	9
<b>Økonomi .....</b>	10
<b>Personale .....</b>	10

# Innleiing

2022 skulle vere året vi kom over koronaen, men framleis merka vi på besøkstala at ikkje alt var tilbake til normalen, sjølv om det vart betre utover året.

Det vart likevel travelt for personalet fordi seminar og konferansar hadde vore utsett eller digitale dei to føregåande åra, skulle takast igjen slik det vart mykje deltaking på slikt. Eit døme på dette var første fysiske samling i *Mangfoldsnettverket* til musea med oppstart av prosjektet som har fått tildelt midlar frå Kulturrådet til prosjektet *Samlingenenes mange stemmer*. Vi fekk også starta vårt delprosjekt *Nye stemmer, samme samling*.

2022 var Frivillighetens år, noko som passa godt med at det var 25 årsjubileum sidan oppstarten av Vestnorsk utvandringssenter, då Emigrantkyrkja sto ferdig på Sletta. Dette vart markert i samband med Utvandringsfestivalen, som også vart valgt som VÅR DAG av venneforeininga. Dette gjorde at særleg mykje dugnad og innsats vart lagt ned fram mot festivalen.

Initiativtakar til Vestnorsk utvandringssenter, Asbjørn Ystebø døydde i oktober. Han var frivillig og eldsjel i drifta frå starten av. Hans visjonar om å få flytta ei kyrkje som eit «Monument over den norske utvandringa» vart realisert då han fekk med seg flotte dugnadsfolk til å gjennomføre denne bragda, og flytta Emigrantkyrkja frå USA til Sletta. Fleire bygningar kom til og Asbjørn sitt nettverk og gode relasjonar til USA var ein nøkkel for å få dette til. Etter senteret vart oppretta og frametter, også etter at MUHO overtok drifta, hadde han grupper med seg på omvising. Utan Asbjørn sine draumar hadde Vestnorsk utvandringssenter aldri vorte røyndom. Ei frivillig eldsjel gjekk bort i Frivillighetens år 2022.

Gjennom året har personalstaben også endra seg, den nytilsette museumspedagogen i 50% frå 2021, såg seg naudsynt å sei opp, og slutta etter januar 2022, og stillinga vart ståande open fram til ny person byrja i august.

Når det gjeld bygningsmassen har vi gjennomført ei skisseprosjekt saman med Arkitektgruppen Cubus, der vi har jobba oss fram til eit volumstudie og plassering av nybygg på Sletta, dette skal brukast vidare i samband med søknader og finansiering, før vi kjem eit steg vidare fram mot teikningar, konsept for eit endeleg nybygg med plass til kontor, utstillingar, undervisning, arrangement og kafé.

# Formidling

## Besøk

Utvandringssenteret er vanlegvis sesongstengt om vinteren, sjølv om vi som vanleg tek imot grupper, skuleklassar og har arrangement også i den mørke årstida. Det vart lite og ingenting av det første halvår også i 2022, men utover forsommaren og seinsommaren kom det fleire grupper.

Vi hadde sesongopning 8. mai, og hadde ope kvar søndag kl 11-15 fram til skuleferien, då vart opningstida utvida til tirsdag, onsdag, torsdag og søndag kl 11-15. Etter skuleferien tok vi imot grupper etter avtale. Kring 19 gruppebesøk kom gjennom året, færre enn tidlegare, men langt fleire enn de to forgående åra.

I september månad kom det over 320 besøkande i grupper, frå skular og på arrangement. Dette vart ein rekordmånad, berre ein gong tidlegare, i 2018, har det vore like mange besøk i september sidan tellingane starta i 2010. Likevel, sommarmånadene 2022 var det færre besøk enn i året før. Totalt hadde vi 1866 besøkande gjennom året. Som vi ser at grafen har besøkstala variert mykje gjennom åra.



Ein årsak til at vi ikkje har nådd like høgt besøkstal i 2022 som i 2021 er særleg knytt til besøk november, då vi dei forgåande åra har hatt fleire hundre besøkande på vår tradisjonelle utekino og lystenning før jul. I 2022 var det så dårlege meldingar at kinoen måtte flyttast inn i rådhuset på Manger, til den vanlege kinosalen, og dessutan var filmen ikkje ein så klar julefilm og publikumsmagnet som tidlegare år. Det vart solgt 8 billettar i mot kring 250 og 350 i åra før koronaen.

## Utstilling

Dei seinaste åra har vi hatt ei fotoutstilling i Elizabeth Rådhus & Fengsel i sommarsesongen, og utstillinga i år var knytta til regissør Erik Poppe sin nye filmatiseringa av Vilhelm Moberg sin romanserie *Utvandrerne*. Fotograf Agnete Brun tok vakre portrett av skodespelarar og statistar frå filmen. Filmen skulle etter planen ha premiere i januar, men vart fleire gonger utsett, og fekk premiere 2. september. Filmen fortel historia til Kristina og Karl Oskar, og vårt bidrag til utstillinga var tekster til nokre av dei andre ansikta. Historiene våre er baserer seg på emigrantmateriale og kjelder, og fortel på den måten litt meir om utvandrarane.



*Nils Dalen frå Valdres, på 7 år, la ut i den store verden sammen med mor Marit og far Elling Nilsen, på 27 og 28 år, og de to småbrødrene Ingebricht og Knud på 4 og 3. De var mange sambyggdinger den våren som ville prøve lykken i Amerika, hele 182 passasjerar av 281 på billigste klasse oppgav Valdres som fødested. De var i alderen fra noen få måneder til den eldste på 70 år. Flesteparten var nok likevel familier med små og større barn. I tillegg var det et mannskap på 22.*

*De dro med den staselige barken Galathea som 7. juni 1870 heiste seil og stevnet ut Vågen i Bergen med kurs for Quebec. Da skuten nærmet seg Amerika og de 10. juli fikk se Halifax, var det første glimt av en amerikansk by. Noen dager før hadde en mann dødd om bord.*

*Med 33 dager til sjøs var det mye spennende for Nils og de mange andre barna å utforske og oppleve på vei mot nytt land. Og ennå var det mye nytt og ukjent som ventet nysgjerrige små barn når de kom frem og skulle starte et nytt liv i nye omgivelser.*

I 2022 var det 25 år sidan Emigrantkyrkja kom, og det ønskede venneforeninga å markere som VÅR DAG i samband med Utvandringsfestivalen og Frivillighetens år 2022. Det vart samla og lånt inn bilete frå fleire hald for å kunne sette saman ein utstilling i høve jubileet, og markeringa under festivalen 1. -3. juli. Det vart laga ei utstilling med gamle foto som er tatt gjennom åra. Desse vart vist fram i dei respektive husa dei var knytta til, og dessutan i eit telt på Prærien på festivallaurdagen. Desse biletene vart også hengande gjennom sommarsesongen. Det var gjort eit stort arbeid med å scanne desse biletene, som også no er tatt vare på. Biletene har dessutan også gjeve meir informasjon om bygga, sidan vi også ha biletene frå den originale plasseringa og den stand dei var i USA.

## Arrangement

3. april	<i>John – den siste norske cowboy.</i> Film, foredrag og musikk. Samarbeid med regissør Frode Fimland og Bygdekinoen på Manger
8. mai	Sesongstart
1. juli	Utvandringsfestivalen – <i>Fredagskveld i Saloonen.</i> Manger All Stars
2. juli	Utvandringsfestivalen 2022 – <i>Monumentseremoni</i>
2. juli	Utvandringsfestivalen 2022 – VÅR DAG - <i>Festivalmyldring</i>
2. juli	Utvandringsfestivalen 2022 – VÅR DAG – <i>Festkveld</i> med samtalepanel
3. juli	Utvandringsfestivalen 2022 – <i>Festgudsteneste</i> og kyrkjekaffikafé (venneforeninga og soknet var arrangør)
3. juli	Utvandringsfestivalen 2022 – <i>Familiedag på Prærien</i>
11. september	<i>Livet på Prærien</i> - Familiedag
26. oktober	Ullveka – <i>Handverkskveld</i> – Gjenbruk og ombruk av ulltepper
31. oktober	<i>Halloween på Prærien</i> – familieday
24. november	<i>Sympathetic resonance</i> – konsert med trio fra Russland, USA og Norge
27. november	Utekino og lystenning. Utekino vart innekinø på Manger. Samarbeid med Bygdekinoen. Film: <i>Titina</i> . Norsk animasjonsfilm om Amundsen til Nordpolen
7. desember	<i>Førjulskveld på Prærien.</i> Julekafé, juleverkstad og lokale julegåve
Heile desember	<i>Jul på Prærien.</i> Julepynt i alle vindauge – julekortfilm og quiz




Vi gjennomførte mange arrangement gjennom året. Familiedayane med aktivitetar for store og små er dei mest populære arrangementa og der vi har flest besøk. Vi har også tidlegare erfart at

konsertar ikkje trekk mykje folk, og valgte derfor ikkje å ha konsert på seinsommaren, eller julekonsert.

Det var gledeleg å ha to fine arrangement i Emigranten dette året, eit fullteikna kurs med gjenbruk og ny bruk av ulltepper, med var det god stemning og fin prat. Kaféborda var fulle av ullremser og hender som fletta og sydde seg fine gryteunderlag, sitteunderlag eller golvmatte, alt ettersom kor langt dei rakk å komme i løpet av denne handverkskvelden i Ullveka. Det var også god stemning og ivrig prat på førjulskvelden. Då hadde vi juleverkstad, kafé og høve til å handle julegåver i museumsbutikken. Dette var ein onsdag i desember og vi ønskte å vere møteplass for lokalbefolking og dessutan vise fram museumsbutikken vår, som også var fylt med varer frå heile MUHO sin nettbutikk.

## Sosiale media og digital formidling



Vi har posta jamt og trutt for å halde på dei som likar oss, og som følger oss på både [www.facebook.com/utvandringssenteret/](https://www.facebook.com/utvandringssenteret/) og Instagram [@utvandringssenteret](https://www.instagram.com/utvandringssenteret) og på MUHO sin eigne Facebookside. I samband med fleire av arrangementa har vi vist slidesfilmar med informasjon om tematikken knytt til arrangementet. Vi har også jobba for å auke talet på dei som likar Utvandringssenteret og å auke rekkevidda på innlegga.

Dagleg leiar har også fått oppgåva med felles annonsering av MUHO gjennom sommaren, og det vart sett opp kampanjar i sommaravisa og på Facebook og Instagram både felles for MUHO og på MUHO-kontoen for dei einskilde musea med bodskapen Oppdag sidevegane! Det var også felles

kampanjar og oppslag under Ullveka og Jul i MUHO i førjulstida med alle arrangement på alle musea våre, noko som fekk god rekkevidde og resultat. Dette vil vi gjere meir av.

## Skule

Vi tilbyr omvising både til barneskulen og ungdomsskulen med aktivitetar og tema, og kan tilpasse tema for vidaregåande skuler, mellom anna har vi årleg besøk av ein klasse i byggfag frå Austrheim vidaregåande skule. Vi har også i haust hatt tilbod om escape box – undervisingsopplegg med bærekraftperspektiv, men fekk ikkje påmeldingar trass direkte skriv til ungdomsskular og vidaregåande. Dette skal vi jobbe vidare for å få opp og stå i 2023.

I perioden fram til 2024 er Utvandringssenteret med i Alver kommune sin Kulturelle skulesekk med tilbod om fast besøk av 5. trinn for dei fem skulane i gamle Radøy kommune, i kategorien Kulturarv. Det er likevel berre i liten grad at skulane har tatt i bruk tilbodet vårt gjennom DKS. På hausten hadde vi samtalar med ansvarleg for både DKS og Den kulturelle spaserstokken, og sendte inn søknad om midlar til fleire prosjekt. Etter både ny kommune og koronaår er det framleis ein del ting som ikkje er innarbeida og tatt i bruk i etter omlegginga.



I 2022 hadde vi besøk av 11 skuleklasser, frå førskule/barnehage til vidaregåande. Vi hadde også ein heil dag opplegg og besøk av vaksenopplæring med tilrettelagt undervisning med vekt på migrasjon og kulturmøte, noko som elevane kunne relatere seg til, som sjølv hadde migrert frå andre land. I tillegg hadde vi ein dag med eige haustferieopplegg finansiert av BUFDIR, dette i samarbeid med Lyngheisenteret.

## Anna relevant innan formidling

Vi fekk i 2022 del i restmidlar frå programmet Inkluderende museum. Prosjektet vår *Reisekista – ein reise i tid og rom*, vil inkludere publikum som elles har utfordringar ved å delta i våre tilbud, av ulike årsakar. Nokre klarer ikkje å ta seg ned til Prærien eller inn i husa, på grunn av nedsett rørsleevne. Andre har utfordringar knytt til minnet, men vil ha gode opplevingar knytt til gjenstandar. Vi kan gje tilbod til disse hos oss i Emigranten. Det er satt sammen ein fullpakka reisekiste med gjenstandar som kan takast på og kjennast, høyrast eller luktast, som kan være utgangspunkt for samtalar og refleksjon, i tillegg til å kunne frembringe minner og opplevingar.

# Forvalting

## Forvalting av bygg og anlegg

Det er grøfta langs hovudvegen for å forsøke å drenere eit strekk der vatnet vert ståande lenge etter regn og i fuktige periodar. Det er tidlegare lagt trakkestinar her frå parkeringsplassen og over til vegen i retning mot stien ned til Prærielandsbyen. Likevel har det i periodar stått vatn over steinane. Vi håper dette grepet skal ha betra tilhøva her.

## Kulturhistoriske bygningar

Det er som vanleg gjort vedlikehaldsarbeid på heile anlegget, særleg knytt til vindauge i Lærarbustaden og Legekontoret.

Bygningsvernksulenten i MUHO hjalp oss å skrive ein søknad til Museumsloft og UNI-stiftelsen for å starte prosjekt med Nybyggarstova, som er einaste bygget vi har med tilstandsgrad 3, og som vi i lengre tid at ønskt utbetra. Vi fekk 150 000 kr i støtte frå UNI Stiftelsen, men fekk avslag om midlar frå Museumsloft. Arbeidet er ikkje sett i gong enno.


## Utedass og lagerplass

Vi er nesten ferdige med ein dobbel «utedass» etter førebilete av utedassen som hørde til Emigrantkyrkja. Det har tidlegare vore spøkt med at vi ikkje fekk den med til Norge. Gamle foto syner korleis den såg ut. Dassen er sett opp på Prærien, i bakkant av husrekka, der vi sårt treng litt lagerplass knytt til aktivitetar og arrangement. Det vert altså ikkje dass, men lagerplass. Ein utedass bak fengselsveggen er også påbegynt. Den vil få samme funksjon.



## Nybygg

Vi har satt i gang Forprosjekt Nybygg på Sletta, og har fått arkitektgruppen Cubus as til å gjøre eit volumstudium og ei skisse på plassering og litt konsept knytt til nybygg. I strategiplanen for MUHO er det sett opp planar for eit forprosjekt som skal ta oss vidare fram mot realisering. Det vart imidlertid klargjort for presentasjon og takast vidare i eigarstyret til bygningane og anlegget på Sletta. Det har vore fleire møter og samtaler med leiar i eigarstyret Bjarte Ystebø, og nestlaiar Olav Ståløy og dessutan med langvarig styremedlem Oddmund Skjelvik, men ikkje med heile eigarstyre. Vi har heller ikkje i 2022 vorte kalla inn til verken styremøte eller årsmøte i eigarstiftinga.



## Samlingsforvalting

Vi har hatt ein synfaring med Bevaringstenestene for å avklare om det trøgs eit REORG-prosjekt også knytt til samlingane på Sletta, særleg i kyrkja og sakristiet i kyrkja. Det var berre behov for å avklare kva som er i kyrkjeleg ved gudstenester og gravferder, kva som er musealt og kva som kan ryddast bort. Vi har også gjennomført housekeeping i skulestova på Sletta, saman med Bevaringstenestene.

Det er også starta på ei verdibergningsplan, oppstart i samarbeid med Bevaringstenestene.

Vi har vore i dialog med representantar frå Sjømannskirken, og i samråd med gjevar som donerte utstyr frå ein sjømannsprest, valgte vi å overlate dette til Sjømannskirken som har oppretta sitt eige lite museum for sin organisasjon. Som ledd i samlingsforvaltning skal det avklarast om det også er andre gjenstandar knytt til Sjømannskirken som er naturleg å avhende til dei.

## Forsking og dokumentasjon/fagleg arbeid

Vi jobbar med eit prosjekt som del av musea sitt Mangfaldsnettverk sitt hovudprosjekt **Samlingenes mange stemmer** (2022-2024). Det er 20 delprosjekt og parter med i prosjektet. Vi er også med i en undergruppe i nettverket: *Bryt fasaden*.

# Mangfald og inkludering

Vår museumspedagog/formidlar skal ha særskilt ansvar for migrasjon og mangfald. Dette vil virke inn på alle områder vi jobbar med, og i endå større grad styrke spydspissen migrasjon og mangfald, ikkje berre på Utvandringssenteret, men i heile MUHO.

Vår samarbeidspartner *Memoar* har fått midlar frå Bergen kommune til ein kulturlos. Dette er ein rolle som skal løse folk som til vanleg ikkje tar del i kulturliv inn i ulike arenaer og for å nå fram til grupper som vi elles ikkje finn.

Vårt prosjekt *Nye stemmer, samme samling* kan vere ein måte å opne opp våre arenaer for at nye grupper publikum finn oss relevante, og vil oppsøke oss. Prosjektet *Nye stemmer...* får ei slik rolle som kulturlos, både til å samle inn større mangfald av stemmer, og til inkludering av nye målgrupper, fordi ein får sterkare relevans for nye grupper, sidan også deira stemmer skal verte hørt på museet vårt. Dette er også heilt i tråd med MUHO sin Mangfaldsplakat.

Det ble i oktober 2022 halde kurs og opplæring for intervjuarar i Mangfoldsredaksjonen, disse skal fungere som frilansarar for Memoar. Oppdraget er i å finne personar som vil fortelle og dele sine erfaringar og historier gjennom munnlege intervju. Memoar jobbar for å utvikle prosjektet. Det ble gjort avtalar om inntil 30 intervju. Oppfølging av intervju, logging og samtykke blir gjort av Memoar i løpet av vinteren, og intervju skal overleverast Vestnorsk utvandringssenter som råmateriale til bruk i videre arbeid med både formidling, arrangement og utstillingar.

Vi har også gjennom året jobba eit prosjekt som har fått støtte frå Museumsforbundet av restmidlar frå programmet Inkluderande museum. Vårt prosjekt er *Reisekista – ei reise i tid og rom*, er todelt med minnekiste for demente, og pop up utstilling/utstyr for bruk på andre arenaer enn våre eigen, til dømes bibliotek, skular og anna.

Med dette prosjektet vil vi også kunne inkludere fleire grupper publikum og nå ut til fleire, både på eigen arena og eksterne arenaer.

2022 var også Skeivt år, og sjølv om vi ikkje fekk markert dette med eige arrangement eller utstilling, markerte vi sentrale dagar i løpet av året, som 21. april og i juni, med å regnbogeflagg og fargerik og logo, for å markere vår støtte for eit mangfoldig samfunn med fridom og likeverd.



## Dugnad og frivillig innsats

Utvandringssenterets venneforening er ei gruppe som fortener heider. Dei har eit aktivt styre som held jamnlege møter, og som bidreg med planlegging først og fremst knytt til Utvandringsfestivalen.

2022 var Frivillighetens år, og Styret i Venneforeninga valgte festivalen som VÅR DAG. Berre i festivalen åleine var det heile 55 menneske som bidrog i ei eller anna form. Mange av desse hadde fleire oppgåver gjennom helga, og deltok på fleire måtar, og bidrog med mange dugnadstimar kvar. Det varierte frå kakebaking, rigging og rydding, skodespel, fortelling og prat i bygningane og samtalepanel, og ikkje minst førebuing fram mot festivalen. Då er det kjekt å sjå også på ordskyen, basert på innsamla ord frå festkvelden i Utvandringsfestivalen, som forklarer og fortel kvifor dei er med – det gjev dei noko tilbake, i tillegg til at dei er med å skape noko for andre og for fellesskapet.



Det er rundt rekna på timetal i samband med festivalen og i tillegg mykje arbeid nedlagt av leiar i Venneforeninga Anne-Karin Natås, som har rydda på lageret og organisert i ei stor mengd papir, utklipp og arkiv heilt frå oppstarten av Vestnorsk utvandringssenter, då er det gjort omkring 3000 timer, nær 1,8 til 2 årsverk med frivillig innsats.



**Hylla dugnadsfolket på utvandringsfestivalen**



**Dugnadsfolket  
på Sletta**

Frå Strilen



UTALLEGGE TIMAR: – Den største dugnaden på våre kantar er truleg den som er utført på Sletta – nemleg V

utvandringssenter, seier Olav Steinar Namværd. Foto: Arthur Kleiveland

Frå Avisa Nh

# Økonomi

Som alle andre opplever i våre dagar har vi auka straumutgifter. Vi har fått installert tre varmepumper i Emigrantkyrkja, som er bygget som trekk mest straum, og der det er mest å vinne på å innføre straumsparande tiltak. Vi har fått ei varmepumpe nede i Emigranten, og sparar straum i høve oppvarming med golvvarme. I kyrkjerommet har vi fått to varmepumper, desse avhjelper oppvarming med gamle omnar montert under kyrkjebenkene, som har tungvint termostat med berre høg og lav innstilling, og som treng stillast opp minst ein dag før kyrkja skal nyttast, for å ha normal temperatur.

Vi ligg også an til auka lønsutgifter, dette er grunna endra stillingsprosent. No er det spart lønnsutgifter for 50% stilling i februar-juli, og så vert det lønsutgifter i 100% frå august og frametter. Berre 60% av desse er fast stilling, og vert delvis finansiert av tilskot gjennom Mangfoldsnettverket frå Kulturrådet, og det ytterlegare går er for ei avgrensa periode dekt inn av vikariat og prosjekt.

Vi har også nytta oppsparte midlar til skisseprosjektet Nybygg på Sletta, men dette ser vi på som viktig, for å få i gang denne prosessen, og den var dessutan budsjettert.

På inntektssida kan det merkast at vi har hatt høgare inntekter av både billett og kafésal enn dei forsiktige tala vi budsjetterte med. Vi har hatt litt drift og aktivitet i Emigranten, og ser potensialet som ligg i lokalet til auka inntening, både på kafé, tilbod til grupper og sal i museumsbutikken. Vi håper likevel at vi på andre sida av pandemien kan få høgare inntekter enn dette.

## Personale

### Tilsette

Avdelingsleiar Lena Eikeland Kutschera har 100 % stilling, og har også for ein periode eit ansvar for felles marknadsføring av MUHO, slik at nokre av hennar oppgåver kan delegerast til formidlaren.

Harald Mellingen har ansvar for drift og vedlikehald av bygg og anlegg fast i 50 % stilling.

Martine Mevatne var formidlar/museumspedagog i 50% fram til 31. januar. Det vart etter henne lyst ut og starta ei tilsettingsprosess for ei fast 60% stilling, med høve for meiroppgåver i høgare stillingsprosent.

Linn Merethe Myrtveit starta i august i stillinga fast 60% og ytterlegare slik at det vert 100% i prosjekt og vikariat for to år framover. Dette gjev oss forhåpentlegvis rom for å skaffe midlar til å etablere og halde større aktivitet, målet er fast 100% stilling. Stillingsa sto ledig gjennom utlysningsprosess og fram til Linn Merethe Myrtveit starta jobben som formidlar/museumspedagog i august.

### Felles ressursbruk i MUHO

Avdelingsleiar har fått eit meiransvar for felles marknadsføring av MUHO.

Museumspedagog/formidlar har også hatt ansvar for oppgåver knytt til nettbutikken, og fått den i mykje meir aktivt bruk. Dette er på oppdrag frå Administrasjonen. Ho har også engasjert seg i Escape box, som også går som søknad og tilbod i Den kulturelle skulesekken, frå fleire av avdelingane.

MUHO hadde stand to dagar på Bergen julemarked. Då vart mange av varane frå nettbutikken tatt med og presentert for hundrevis av publikum. Dette var eit kombinert sal- og marknadsføringstiltak, og var vellukka, ikkje minst fordi vi fekk vist oss fram og formidla om musea våre, tilboda våre og kor vi er å finne, både på nett og fysisk. Formidlaren vår har fått ansvar for nettbutikken til heile MUHO, og ho organiserte det heile og var med begge dagane. I tillegg var avdelingsleiar også med delar av begge dagane som representant og for å marknadsføre MUHO. Det var ok sal av varer, men største gevinst, og det som gjorde det vellukka, var marknadsføring og den gode responsen frå publikum som stoppa for ein prat.